

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Att. Susanne Sollie

Dykkar ref.: 25/1619 Vår ref.: 2025/288 - 6191/2025

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
12.06.2025

Høyring - Forslag til ny forskrift om høgare utdanning - opptaksforskrift

Helse Vest takkar for invitasjon til å gi innspel til Forslag til ny forskrift om høgare utdanning – opptaksforskrift.

Føretaksgruppa Helse Vest støttar endringane i struktur og forenkling i språket i forskrifta. Vi støttar også at kravet om generell studiekompetanse (GSK) held fram som hovudregel for opptak til høgare utdanning.

Det blir foreslått å oppretthalde kvotar for høvesvis nordnorsk tilhøyrse og samisk kvote. Departementet bør også greie ut om det er behov for distrikts kvotar for område med utfordringar med framtidig rekruttering, behalde og rekruttere helsepersonell.

Forbetre karakterar i fag som privatist - ta opp fag

Regjeringa har valt å ikkje ta bort høve til å kunne ta opp fag og forbetre karakterar i fag som privatist. Dette er noko føretaksgruppa Helse Vest støttar då dette blir vurdert som ein for streng praktisering at ein aldri kan forbetre resultata frå vidaregåande skule. Det er mange som utviklar ein høgare læringsmotivasjon etter nokre år, vi bør ikkje stenge døra att. Det er viktig at elevar som fell utanfor systemet av ulike grunnar får ein ny moglegheit.

Reduksjon av realfagspoeng

Departementet foreslår ein reduksjon av realfagspoeng, noko som kan føre til at færre elevar vel realfag i vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår ei evaluering av bruken og funksjonen av realfagspoenga.

Føretaksgruppa Helse Vest støttar dette, og dessutan viktigheita av å gjennomføre evaluering av endringar gjort gjennom denne stortingsmeldinga.

Avvikling av alderspoeng i opptak til høgare utdanning

Regjeringa foreslår avvikling av alderspoeng i opptak til høgare utdanning. Føretaksgruppa Helse Vest vil påpeike at det kan vere ein fordel at ein viss del av studentar innan helsefaga har ei breiare erfaring enn opptak rett etter fullført vidaregåande opplæring.

Omrekning frå utanlandske til norske karakterar

Departementet foreslår å ta i bruk ein ny tabell for omrekning av karakterar frå IB-diplom til norske karakterar. I den nye tabellen vert IB-karakterar i større grad samanlikna med norske karakterar, ved at berre høgste poengsum i IB (45 poeng) svarar til eit snitt på 6 ved norsk vitnemål, medan poengsummen 43-45 i IB før har svart til karakteren 6 i norsk skule. Dei føreslegne endringane vert grunngitt ved at mange fleire IB-elevar enn norske fekk karaktersnitt på 6, men tar ikkje høgd for at IB vert rekna som meir krevjande enn norsk skule, og at elevar som vel IB ofte har potensiale for eit høgare karaktersnitt enn andre elevar. Omrekningsendringane kan føre til at færre elevar vil satsa på denne utdanninga, då det kan gå ut over deira høve til å oppnå karakterar i tråd med sitt potensialet, og lokale IB-tilbod kan då stå i fare for å bli nedlagt grunna for få søkjarar.

For våre mindre helseføretak, plassert utanfor dei store regionane (Stavanger og Bergen) er det viktig å kunne rekruttere kvalifiserte medarbeidarar frå utlandet. At dei ulike delane av vår region kan tilby engelskspråkleg undervisning frå 6-19 år (internasjonal grunnskule + IB-linja på vidaregåande) for potensielle medarbeidarar er eit verkemiddel som særleg gagnar dei mindre helseføretaka. Det kan vere viktig for vurdering av attraktiviteten for søkarar som med utanlandske familiemedlemmar, til å kome tilbake til Noreg eller å velje å busette seg i Noreg. Ein potensiell konsekvens av nedlegging av IB-tilbod kan gå ut over delar av Vestlandet som ein attraktiv bustad- og arbeidsarena for høgt kompetente arbeidstakarar som vurderer å kome tilbake til Noreg eller potensielle medarbeidarar frå andre land.

Tilleggsopeng for realfag i vidaregåande opplæring

Departementet foreslår å behalde tilleggsopeng for realfag i vidaregåande opplæring, men å justere dei ned til halvparten av kva dei er i dag. Realfag vert rekna som vanskelegare emne å oppnå god karakter i, og tilleggsopeng har derfor kompensert for dette. Å redusere antal tilleggsopeng for realfag vil etter vår meining ramme rekrutteringa til teknologi- og realfag som programfag på vidaregåande utdanning, sjølv om ein veit at det er spesialisthelsetenesta og treng, som for samfunnet for øvrig.

Føretaksgruppa Helse Vest har behov for å tilsette medarbeidarar med realfagleg kompetanse. Det gjeld og for fleire av dei helsefaglege utdanningane. Eit av tiltaka for ein berekraftig utvikling for spesialisthelsetenesta på Vestlandet er god oppgåvedeling. Då vil det vere svært viktig å utdanne til stillingar som skal bidra til å avlaste helsepersonell, (kan vere IKT, forsyning logistikk, bioingeniørar, andre naturvitenskaplege utdanningar for å nemne noko).

Spesielle kvotar

Helse Vest støttar innføring av kjønnsnøytrale kvotar. Departementet foreslår at dette vil takast i bruk i studiar der eitt kjønn berre utgjør 20 % eller mindre. Vi meiner at dette vil vere for lågt. For enkelte studiar, spesielt innanfor helseutdanningar som psykologi, medisin og sjukepleie, kan ein høgare prosentdel vurderast.

Til døme medisinstudiet har del kvinner nådd ca. 70 prosent, medan det i sjukepleieutdanninga er eit ønske om å rekruttere fleire menn. Om lag halvparten av pasientane er av kvart kjønn, og det er ei uønskt utvikling med stor skeivfordeling mellom kjønna blant helsepersonell. Vi vil difor oppmode til å auke kvoten der det er behov.

Uavhengig av type kvote, vil vi understreke at forskjellen i oppnådde karakterar i faga som tel til opptaket ikkje må bli for stor mellom dei som blir kvoterte inn på eit studium og dei som kjem inn på ordinært opptak.

Det er ikkje berekraftig at spesialisthelsetenesta i stor grad rekrutterer i 50 % av befolkninga til utdanning/framtidige stillingar i føretaka. Ein god kjønnsbalanse kan og bidra til eit godt og føreseieleg arbeidsmiljø. I møte med pasientane er det viktig å spegle befolkninga, om lag halvparten av pasientane er av kvart kjønn, og det er ei uønskt utvikling med stor skeivfordeling mellom kjønna blant medarbeidarar i spesialisthelsetenesta. Vi vil difor oppmode til å auke kvoten der det er behov det.

Uavhengig av type kvote, vil vi understreke at forskjellen i oppnådde karakterar i faga som tel til opptaket ikkje må bli for stor mellom dei som blir kvoterte til opptak til ei studium og dei som blir tatt opp på ordinært opptak.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
Administrerande direktør

Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)